

Referat samlagsstyremøte 07.05.2020

Stad: Olsvika

Til stades: Ola Kåre Dybvik, Roger Vangen, Tom- Olav Molskred, Thor Einar Aurdal, Ronny Vedå, Ola Vangen og Trine Ramsvik Stette.

Referatfører: Trine Ramsvik Stette

10/2020 Stevne og lagsaktivitet

Gjennomgang av dei gjeldande smittevernstiltaka. Det er no opna for skytestevne på samlagsnivå. Dei skyttarlaga som melder interesse for å arrangere stemne før 15.juni kan få tildelt ei veke som då blir deira veke. Då har dei ei veke på å tilretteleggje skytetider på for å få flest mogleg deltakara til stemnet, samtidig som smitteverntiltaka blir overholdt. Styret vil sende ut ein mail for høring.

11/2020 Jegertraining og jaktoppskyting 2020

Alle skal ha betalt medlemskap før ein kjem å trenar. Det vert oppfordra til å betale medlemskontigenten sjølv om ein ikkje trenar eller skal jakte i år, som støtte til laget.

Alle må føre oppmøteliste for å ha kontroll på oppmøte og eventuell smittesporing. Bekreftelse av føring av lister skal sendast til samlagsleiar, den skal innehalde antall skyttarar og kven som var ansvarleg. Samlaget ber om ei tiltaksliste frå alle skyttarlag før dei sett i gong med jegeraktivitet. Denne lista skal godkjennast før jegerskytinga kan finne stad.

12/2020 Ekstraordinært skyttarting

Gjennomgang av saklista. Møtet vert via teams for alle samlagsleiarar og skyttarstyret 25.mai kl. 19.00.

Opplysning om utsetting av ordinært skyttarting. Det ordinære skyttartinget er flytta frå august til 31.okt og 1.nov.

Samlagsleiar sender ut saksdokumenta når dei kjem.

13/2020 Regional anleggsliste

Det vart opplyst om at idrettsrådet i fylket skal lage ei liste over anlegg av regional betyding.

14/2020 Terminliste

Målet vårt er foreløpig at terminlista skal vere gjeldande etter 15.juni. Samlagsstevnet felt vert utsett til etter 15.juni. Landsdelskretsstevner, Midtnorsk mesterskap og Landskytterstevnet er derimot avlyst/utsett til 2021.